




Fjord kommune

Planarbeid og prosessar som er på gang

<https://www.fjord.kommune.no/>



- **Planstrategi:** Kva planoppgåver skal kommunen prioritere i fireårsperioden
- **Kommuneplanen sin samfunnsdel:** Overordna styringsdokument
- **Arealstrategi:** Peike på langsiktige og overordna prinsipp for arealbruken i kommunen
- **Kommuneplanen sin arealdel:** Overordna plan - kva areala i kommunen skal brukast til
- **Temaplan helse, omsorg og velferd:** Plan for korleis vi skal omstille oss for å møte krevjande utfordringar både på kort og lang sikt.
- **Prosjekt Hus:** Utvikle bustadmarknaden

I utgangspunktet er det i høyringsrundane at de kan kome med innspel. Når det gjeld kommuneplanen sin arealdel opnar vi for at godt skildra innspel til ny/endra arealbruk kan sendast på epost undervegs i planprosessen til Martin.Flatmo.Hove@fjord.kommune.no

Kunnskapsgrunnlag

Til grunn for alle planar ligg det eit kunnskapsgrunnlag. Kunnskapsgrunnlaget i planarbeid er **viktig for ei felles forståing av nosituasjonen, mulegheiter og framtidige behov**.

Kunnskapsgrunnlaget består av fleire typar informasjon, som til dømes kart, statistikk og tekst. Informasjonen vert henta både frå nasjonale kjelder og baserer seg på lokal kunnskap.

Kunnskapsgrunnlaget finn de her: <https://www.fjord.kommune.no/politikk-administrasjon-og-innsyn/planarbeid/kunnskapsgrunnlag/>

Eldreråd:

Eldrerådet er oppnemnt i samsvar med lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd. Rådet er eit rådgjevande organ for kommunen, som ikkje har eiga avgjerdsmynde.

Rådet skal vere eit samarbeids- og rådgjevande organ for kommunen i alle saker som gjeld eldre sine behov og interesser. I tillegg skal rådet handsame årsbudsjett og økonomiplan, kommuneplanar, tiltak og planar i helse- og omsorgssektoren og saker rådet sjølv ønsker å behandle.

Eldrerådet har delteke både på folkevaldopplæring i regi av KS, og vert invitert til arbeidsverkstadar for planarbeid som vi har i samarbeid med Distriktsenteret, Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune.

Leiar: Ann Elise Dyrkorn

Nestleiar: Knut Eldar Relling

Politisk valde medlemmar: Olav Løvoll og Solveig L. Stakkestad

Pensjonist: Unn Linge Valdal

Sekretær for eldrerådet er Siv Krofoss

Kontaktinformasjon finn du på <https://www.fjord.kommune.no/politikk-administrasjon-og-innsyn/politikk/eldrerad/>.

Oversikt over møter og referat finn du på <https://www.fjord.kommune.no/politikk-administrasjon-og-innsyn/politikk/moteplan-og-saksdokument/>

Er det informasjon du leitar etter og ikkje finn, ta kontakt med servicetorget på tlf 418 67 800. Du kan også bli med på Seniornett, eit datatilbod til seniorar i Fjord kommune. Følg med på Kva Skjer-kalenderen for tid og stad.

The screenshot shows the homepage of Fjord kommune. At the top, there is a dark blue header bar with the Fjord kommune logo, a search bar, and a menu icon. Below the header, there is a grid of six large boxes representing different service areas: Barnehage og skule (with a school icon), Helse og omsorg (with a bear icon), Teknisk, plan og byggesak (with a house icon), Kultur, idrett og fritid (with a person icon), Nærings, landbruk og miljø (with a coin icon), and Andre tenester (with a briefcase icon). Below this grid, there are four smaller boxes: Politikk og administrasjon, Planarbeid, Sjølvbetening og postliste, and Ledige stillinger. At the bottom, there are two sections: 'Aktuelt' (Current news) which lists 'Eldre ut på middag' on 06.09.2024, and 'Aktivitetkalender' (Activity calendar) which shows a green rounded rectangle highlighting the date 10 sep with the event 'Eldre ut på middag' at 15:00 at 'Serveringsstadar i Fjord'.